



PRESSENS
FAGLIGE UTVALG

Bømlo-nytt ønskjer å retta seg etter reglar for god presseskikk slik desse er nedfelt i Vær Varsom-plakaten. Den som meiner seg ramma av urettmessig avisomtale vert oppfordra til å ta kontakt med redaksjonen. Det er også høve til å reise klage for Pressens Faglige Utvalg, Rådhusgt. 17 3. etg. postboks 46 Sentrum, 0101 Oslo, telefon 22 40 50 40. E-post: pfu@np-nr.no

HER ER ME:
Svortlandsvegen 14
5430 Bremnes

KONTAKT OSS PÅ
53 42 10 00
redaksjonen@bomlo-nytt.no

OPNINGSTIDER:
Månd-fred: 0800-1530

GODKJENT OPPLAG
3630

UTKOMME
Onsdag og laurdag

ANSVARLEG REDAKTØR
Mona Terjesen
951 86 671
mona@bomlo-nytt.no

REDAKSJONEN:
Håvard Hammarstrøm
982 50 146
havard@bomlo-nytt.no

Nils-Tore Sele
982 42 015
nils.tore@bomlo-nytt.no

Ingvild Sjø
401 74 587
ingvild@bomlo-nytt.no

Carina Wangensten Håvik
484 64 836
carina@bomlo-nytt.no

ABONNEMENT
53 42 10 00
abonnement@bomlo-nytt.no

DAGLEG LEIAR
Reidar Hystad
906 76 983
reidar@bomlo-nytt.no

BREKKAR / TRYKKSAKER
Torstein Wathne Skimmeland
959 31 399
torstein@bomlo-nytt.no

ANNONSE:
Frida Austestad
982 50 142
annonse@bomlo-nytt.no

Hege Jakobsen Valde
415 62 009
hege@bomlo-nytt.no

GRATULASJONAR
gratulasjon@bomlo-nytt.no



Bruk tenestene på www.bomlo-nytt.no

Skipstrafikk
Flytrafikk

Vêret
Lesarbilete

Minneboka

Har Bømlo-nytt slutta å trykke pressemeldingar?

► **Dette temaet har** vakse så utav proporsjonar at det må adresserast. Det går altså på at enkelte reagerer kraftig på at lokalavisa tar seg fridomen til å sile ut kva som er av nyhende verdi når det kjem til innsendte skriv til redaksjonen.

«Pressemeldingar» blir det kalla, alt saman. La oss byrje der; definisjonen på ei pressemelding er «ein tekst som blir sendt til media for å spreie informasjon med nyhende verdi». På Leiarnytt sine side kan ein sjå korleis bransjane blir oppfordra til å formulere pressemeldingane sine så godt som mogleg - slik at det er større sjans for redaksjonelt napp. «Pressemeldinga må vere spennande og utfordrande for journalisten, slik at han eller ho oppfattar den som ei god sak for lesarane», skriv dei.

► **Det er nettopp** dette det handlar om. Når nokon sender det dei kallar ei pressemelding til lokalavisa, som viser seg å vere tekstreklame, altså oppramsing av programmet for eit kommande møte eller liknande, så er det ikkje sjølvstøtt at redaksjonen hoppar på og prøver å lage ei sak av det. Eg må minne om kva ansvar me som avis har med tanke på presseetiske omsyn. Det blir snakka i sosiale media om at «Bømlo-nytt vil ha annonsepengar, men ikkje gi førehandsomtale i bytte». Sjølvstøtt ikkje. Å annonsere ein dato og eit klokkeslett mot ei halvside med førehandsomtale, er ikkje presseetisk. Og har det vore slik, så er det ikkje på nokon måte rett.

► **Me har all** sympati og forståing for at små lokallag og organisasjonar tufta på frivilligheit ønskjer å få fram aktiviteten sin. Den er gull verdt for heile lokalsamfunnet og alle ser kor viktige dokker er. Men samtidig håper me alle skjønner kva rammer me er underlagt. Om ein koplar redaksjonelt innhald direkte saman med annonseinnehald, som «for klokkeslett sjå annonse lengre bak i avisa», ja, så er det tekstreklame. Og trykker me det, så bryt me dei etiske retningslinjene. Plakatan me har å halde oss til (redaktør- og ver varsamplakaten) er heilt klare på kva som er greitt og ikkje greitt. Mellom anna seier sistnemnde «Svekk aldri det klare skiljet mellom journalistikk og reklame».

► **Men betyr dette** at Bømlo-nytt ikkje tar imot tips, pressemeldingar, lesarbreve og ønskjer om førehandsomtale? Nei, på ingen måte. Tvert imot så blir me glade for alt som kjem inn, og me ønskjer verkeleg å lage gode og interessante saker om det som skjer. Kjem det inn noko som me ser har nyhende verdi og me redaksjonelt sett kan forsvare å lage ei sak på, så gjer me sjølvstøtt det. Men at innendarane skal kunne «krevje» å få på trykk alt dei sender inn til lokalavisa, vil ikkje vere praksis.

► **Heldigvis har mange** skjønnt det då me har forklart dei dette, og vore flinke til å trekke fram medlemmar av organisasjonane deira, eller invitert oss på det som skjer, slik at me



FOTO: Sanna Larsen Mannes

har fått laga nokre veldig kjekke og meir personlege saker utav det. Fortsett med dette, dokker det gjeld er både flinke og viktige. Me sett også stor pris på å få tilsendt eit bilde og tekst når noko har skjedd, som me ikkje har hatt kapasitet til å rykke ut på. Lokalavisa skal spegle det som skjer i kommunen - av både stort og smått.

► **Me har fleire** gonger forklart at me no har gått inn i ei ny tid, der alt er målbart. Det vil seie at kvar einaste sak me skriv, får me vite kor mange som les. Dessverre så er det svært få som les førehandsaker. Nesten ingen. Dette er også noko me naturlegvis må halde oss til. Vårt mål må vere å fokusere på dei gode, journalistiske sakene som lesarane faktisk vil ha. Dei som er relevante for mange. Og me skal produsere mange saker - i ein liten redaksjon.

► **Men så er** det dette omsynet med papir. Det er framleis ein del som likar best å halde avisa i henda. Så papiravisa er også viktig for oss. Kanskje desse ønsker eit litt anna innhald. Då er det ekstra viktig med desse innsendte bilda og tekstane frå det som har vore. For ein del er det framleis kjekt å kunne følgje med på det som rører seg. Det får me også tilbakemeldingar på.

► **For å oppsummere;** me tar gledeleg imot det dokker lesarar måtte komme med, og tar som sagt vurderingane deretter. Me ønsker verkeleg det beste for lokalavisa og lesarane, og me vil føye oss så langt det etiske rekk. Me ønsker å gi folk kvalitetsjournalistikk, saker som flest mogleg ønskjer å lese, me ønsker at mest mogleg av det som rører seg skal opp og fram, og me vil berre at Bømlo-nytt skal bli så bra som mogleg, med flest mogleg lesarar.

► **Derfor er det** frykteleg trist når nokon er så useriøse at dei heng oss ut i møteplattform og kjem med usann informasjon, og så blir misoppfatninga delt på sosiale media. La oss håpe at dette kan oppklare litt, og at me alle kan ha same mål framover. Gjerne med ein dråpe vennlegssinn.



TEK MOT TIPS: Etterforsningsleiar Roald Raunholm ønskjer tips frå publikum som kan føra til oppklaring av tjuveriet i rådhuset på Bømlo. Foto: Håvard Hammarstrøm/arkiv

Rådhusinnbrotet:

Politiet ønskjer tips

Politiet gjennomførte åstadsundersøkingar på rådhuset og tok vitneforklaringar måndag ettermiddag.

► **Nils-Tore Sele**
nils.tore@bomlo-nytt.no


– Me har sikra spor og det blir oppretta straffesak etter innbrotet i rådhuset på Bømlo, der verdfullt utstyr er blitt stole, seier etterforsningsleiar Roald Raunholm ved Stord politistasjonsdistrikt.

Raunholm opplyser at ingen er mistenkte eller pågripne for å stå bak innbrotet.

– Me er i ei tidleg fase av etterforskinga. Innbrotet har gått føre seg i helga. Og me er interessert i tips frå publikum som kan føra til oppklaring av saka, seier Raunholm.

Han kan ikkje gå i detaljar på kva vis tjuvane har teke seg inn i rådhuset.

– Slik etterforskinga ligg, er det for tidleg å seia noko. Det er ingen tvil om at uvedkomande har teke seg urettmessig inn i bygget og fått med seg verdfulle ting, seier etterforsningsleiar.



RIBBA: Berre leiingane er att etter innbrot i formannskapsalen. Foto: Ingvild Sjø